

Sterke Uskedalsprestasjoner i Postvegløpet.**13.05.2018**

Ein utflytta uskedeling og ein nyleg tilflytta vann henholdsvis herre- og dameklassen, i årsklasse 23-34 år, i Postvegløpet som vart arrangert i det strålende veret i dag. Erik G. Musland vann herreklassen på dagens beste tid på halvmaratonen med 1.24.25, medan Martha S. Teigen Varanes kom i mål på 1.46.23. 14 år gamle Kristian Øvstebø imponerte nok ein gong med den sterke tida 1.30.24. Den tidlegare storsprintaren Årstein Eik(68), som no spring for Trio, brukte 1.59.10. Beste tid av alle damene hadde Bente Hellevik, Trio, (35-99) med sterke 1.36.09.

tid.